

Eventyrlege Kappadokia og magiske Istanbul 1. til 10. oktober 2010

Mange har opplevd Tyrkia som reisemål for bade- og solferie, men færre har opplevd Tyrkia som eit av dei store kultur- og opplevingsreisemåla i vår del av verda. Kapadokia ligg i Lilleasia, litt fjernt og tilsynelatande utanfor den europeiske kulturkrets. Her gikk skiljet mellom Orient og Oksident, mellom Aust og Vest. Her møttes kristendom og islam, og her sette ulike folkeslag og levesett kvarandre i stemne.

Eit raskt tilbakeblikk i historia trekk kjente namn inn i bildet – Aleksander den store drog med sine uovervinnelege hordar på triumfferd mot Indus og eit nytt verdsrike. Her var det Cæsar kom med utsagnet "Veni, vidi, vici" – "Eg kom, eg såg, eg vann". På vestkysten av dagens Tyrkia finn vi nokre av dei viktigaste kultursentra for den greske og romerske kulturen med Pergamon, Miletos, Efesos, Priene, Didyma på rekke og rad. Paulus var frå Tarsus sør i Tyrkia og både han, Filip og Johannes hadde sine misjonsreiser på landsbygda i Tyrkia.

Snorre fortel om vår eigen Sigurd Jorsalfar at han var æresgjest under eit veddeløp arrangert av keisaren ved Hippodromen i sentrum av Miklagard, og både pilegrimsreisande og vikingar var kjente gjestar i landet. Som på Sigurd si tid har Istanbul – byen som bind saman to verdsdelar, også i dag ei magisk tiltrekkingskraft og den spennande byen syder av kulturhistorie og atmosfære.

Velkommen til spennande og innholdsrike dagar i kulturlandet Tyrkia – "Hos geldiniz"!



Kappadokia – Istanbul

Kappadokia byr på eit av dei mest spektakulære landskap i verda. Eit gigantisk platå av svært mjuk vulkansk grunn skapt av utbrot frå dei to dominerande vulkanane Hasan og Argeus, har danna grunnlaget for det surrealistiske landskapet i Kapadokia. Vind, frost, regn

og varme har forma dette underlege landskapet av raviner, dalar og alle dei underlege skorsteinsformasjonane.

Menneska har i alle tider funne dette rare området ideelt til busetnader og for å søke vern. Her er det bygd underjordiske byar, klippekyrkjer utsmykka med vakre freskomaleri og bustader i dei mjuke "skorsteinane" sidan tidenes morgon.

I kryssingspunktet mellom aust og vest, er Istanbul møtepunktet mellom to kontinent og eit utal kulturar. Byen som blei grunnlagt for meir enn 2600 år sidan som Bysant, var seinare hovudstad i det aust-romerske rike som Konstantinopel, før Istanbul fungerte som den storslagne hovudstaden for osmanerane i 5 århundre. I dag er Istanbul ein gigantisk kosmopolitisk by der fortid og notid er miksa i ei dynamisk syntese.

Program dag for dag:

Dag 1 – 1. oktober (måltid på flya)

Avreise med Turkish airlines (TK 1754) frå Oslo til Istanbul kl.15.50. Etter nesten 4 timar, landar på Ataturk flyplass kl. 20.30 (lokal tid). Etter pass og visumkontroll skal vi over til innanriksterminalen for å ta fly vidare til Kayseri i Kapadokia kl. 22.15.

Kayseri som er den største og viktigaste byen i regionen, er m.a kjent for teppeproduksjon, og flyturen dit tek vel ein time. Frå Kayseri der vi landar kl. 23.30, vert det transport på ca.100 km til hotellet vårt i Gøreme der vi sjekkar inn på hotellet vårt og hoppar rett til køys! www.ottomanhouse.com.tr

Dag 2 – 2. oktober (frukost – lunsj - middag)

Vi startar dagens program med ein vakker busstur til den vesle byen Ürgüp som m.a er kjent for vin-produksjon. Byen vert kalla "Kappadokias Paris" med mange kafear og hus i vakker gresk og osmansk stil.

Etter besøket dreg vi vidare gjennom det vakre landskapet til Sinassos, ein gammal gresk by som ligg i ein dal 5 km sør for Ürgüp. I den vesle byen med 2500 innbyggjarar levde tyrkarar og grekarar side ved side. Her blanda lyden frå kyrkjeklokkene seg med bønneutropa frå moskeane fram til 1923.

Byen skifta til tyrkisk namn – Mustafapasa, då dei greske innbyggjarane vart sendt til Hellas og erstatta av tyrkarar under den store befolkningsutvekslinga mellom dei to landa. Dei nye innbyggjarane kom frå Kreta, der den tyrkiske befolkninga var på meir enn 35 %. Sinassos er kjent som byen med maleri. Husa har uthøgde balkongar og vindaug. Mange av dei har også vakre veggmaleri frå slutten av det 19. århundre med motiv som eit kjærastepar i ei gynge, London i det 19.århundre og Napoleon i kamp med arabarar i ørkenen. Felles middag i Gøreme om kvelden.

Dag 3 – 3. oktober (frukost – lunsj - middag)

Etter frukost skal vi besøke friluftsmuseet i Gøreme. Gøreme – "gør emi" betyr "du kan ikkje sjå denne plassen" og gjennom besøket forstår vi namnet. Her har folkegrupper i ulike tidsperioder funne skjul for forfølgning og skulte stadar for gudsdyrking. Like imponerende som naturen, er alle kulturspora. Her finn vi bustader, munkeceller og kyrkjer, i Gøreme-området finn vi omkring 400 kyrkjer, mange med vakre fresko maleri.

Etter besøket dreg vi vidare til Uchisar festninga som kneisar som eit imponerende monument i landsbyen Uchisar. Tidlegare var landsbyen lokalisert rundt festninga, men befolkningsauke og erosjon, gjorde at folk trakk nedover i lavare deler av landskapet. Festinga inneheld ei stor grotte og eit tunnelsystem og utsikta over heile Gøreme dalen gjer dette til eit attraktivt mål.

Etter lunsjpause, dreg vi vidare til Pasabag som har svært annleis og fasinerande formasjonar – her besøker vi Kjærleiksdalen - "Love valley", der formasjonane som spring rett opp frå grunnen, har gitt namn til den 4 km lange dalen med dei særeigne formasjonane. Felles middag om kvelden.

Dag 4 – 4.oktober (frukost – lunsj - middag)

Vi startar dagen med storslåtte opplevingar då vi skal under jorda for å sjå nærare på Derinkuyu underjordiske by. Byen som av besøkande vert omtalt som det 9. underverk, blei oppdaga tilfeldig og opna for publikum i 1969. Byen har 8 etasjer, er om lag 85 meter djup og har plass til 10.000 menneske. Frå 3. etasje i denne byen gjekk det i si tid ein 9 km lang tunnel til Kaymakli underjordiske by.

Byen blei truleg bygd alt i det 8. – 7. – århundre f.Kr og blei som fleire av dei underjordiske byane, seinare brukt av kristne som skjulestad frå forfølgjarar og til religiøse seremoniar. Stadig nye byar vert oppdaga, og i dag er talet rundt 50. I byane finn vi soverom, depot for matlager, vinkjellarar, friskluftkanalar, avfalsdepot, toalett, skule, kyrkje og møllesteinsdører (170 – 175 cm høge / 500 kg) for å stenge for inntrengingar.

Etter lunsj går turen til Ihlara dalen, ei 14 km lang og 150 m djup, frodig og trang kløft (ravine) som gjennom århundre er meisla ut av Melendiz elva. Her er det hundrevis av kyrkjer, bustader og mange flotte utkikspunkt. Vi skal vandre i dalen og besøke nokre av dei vakre kyrkjene, mens undring over dei vakre naturformasjonane og menneskeskapt kultur fyller oss. Om kvelden møtes vi til felles middag på ein lokal restaurant.

Dag 5 – 5. oktober (frukost – middag - middag)

Etter frukost køyrer vi gjennom eit vakkert naturområde der bergformasjonane gir assosiasjonar til sopp. Vi held fram til den vesle landsbyen Açıksaray der fasadene på bustadane er vakkert uthogd og utsmykka. Etter lunsj går turen tilbake til Gøreme der ettermiddagen er til disposisjon før vi igjen møtes til felles middag om kvelden.

Dag 6 – 6. oktober (frukost – lunsj - middag)

Etter frukost besøker vi Pasabaglari som har dei mest typiske "toppane" i området. Erosjonen går vidare og nokre formasjonar er allereie øydelagt, men nokre har framleis dei tre "hovuda". Etterpå går turen vidare til den vesle byen Avanos som i uminnelege tider har vore kjent for keramikk- og anna handverksproduksjon som veving av tepper. Byen er lokalisert ved elva Kizilirmak og byen sitt opphavslege namn "Vanessa" tyder "byen ved elva". Undervegs besøker vi Cavusin, som er kjent for sine kyrkjer og prestebustader bygd frå det 1. til det 10. århundre. Felles middag om kvelden.

Dag 7 – 7. oktober (frukost - middag)

I dag skal vi ta farvel med Kapadokia og Lilleasia, og forflytte oss til nye og store opplevingar i Istanbul. Etter utsjekk og frukost, vert det transport til Kayseri flyplass der vi reiser med Turkish airlines (TK 2011) kl.9.40. Etter vel ein time landar vi kl. 11.10 i Istanbul og dreg direkte til hotellet vårt www.hotelcentrumistanbul.com som er lokalisert i hjartet av det gamle Istanbul.

Etter innsjekk reiser vi til St Sofia kyrkja, Hagia Sophia, den mektigaste bysantiske kyrkje i all tid. Kyrkja som blei vigsla i 537 e. Kr. var i nærare tusen år den største katedral i verda. Etter ordre frå den bysantiske keisaren Justinian, vart kyrkja bygd frå 532 til 537 e. Kr. over ruinane til to føregåande kyrkjer. Dei to arkitektane, Isidore frå Miletos og Anthemius frå Tralles, skapte eit av dei største arkitektoniske arbeid i verda.

I 1453, etter at Konstantinopel var erobra av osmanerane, blei kyrkja ombygd til moske og fungerte som dette i nesten 500 år. Etter at Tyrkia blei ein sekulær stat, vart Hagia Sophia i 1935 gjort til museum.

Etter besøket i "den heilage visdom", skal vi under jorda og besøke den imponerende Basilika Sisternen, ein vedunderleg og spanande underjordisk søylehall med 336 søyler. Vassreservoaret blei bygd av Justinian i 532 e. Kr. som vassforsyning. Istanbul har fleire hundre historiske sisterner, men dette er den største og vakraste av dei alle. Om kvelden ruslar vi til ein lokal restaurant for felles middag.

Dag 8 – 8. oktober (frukost - lunsj)

Etter frukost ventar ein ny interessant dag i Istanbul. Etter frukost startar vi med eit besøk i Topkapi palasset som husa dei osmanske sultanane frå 1465 fram til 1853. Etter at det bysantiske Konstantinopel fall i 1452, starta Sultan Mehmet II bygginga av palasset i 1459 og 6 år seinare sto det gedigne komplekset ferdig. Topkapi palasset var den offisielle og private kongelige residens i nesten fire hundre år og i stordomstida budde det så mange som 4000 menneske her.

Etter det osmanske emperiet sitt fall i 1921, blei Topkapi palasset omgjort til museum og viser ettertida storslagen osmansk arkitektur og store samlingar av porselen, embetsdrakter, våpen, skjold, rustningar, smykke og juvelar og islamske kalligrafiske manuskript.

Etter besøket har vi ei kort vandring gjennom eit vakkert, verna og vel renovert bustadområde i osmansk stil fram før vi når fram til Sultan Ahmed moskeen – den Blå moske. Dette er ein av dei største moskeane i Istanbul. Moskeen vart bygd mellom 1609 og 1616 og er kjent for den vakre blå mosaikken, dei 260 vindaugo og dei seks minaretane. Moskeen blei bygd i perioden til Sultan Ahmed I og inneheld grava til Sultanen, madrasah (skule) og hospits for sjuke og døande. Den blå moske har blitt ein av dei største turistattraksjonane i Istanbul.

Frå den blå moske ruslar vi til Hippodromen som var det verdslege maktsenter i Konstantinopel. Sjølve Hippodromen blei bygd av keisar Septimus Severus, men det var Konstantin den store som bygde arenaen som har plass til 100.000 tilskodarar. Hippodromen var omkring 450 meter lang og 130 meter brei og blei brukt til heste-løp og var det sosiale senter i Konstantinopel.

I same område får vi også høve til å sjå farao Thotmoses 3. sin obelisk frå Egypt. Obelisk blei flytta frå Karnak i Egypt i år 390 e. Kr. av Theodosius 1. Vidare kan vi sjå Slangesøyla som i utgangspunktet sto ved Apollon tempelet i Delphi, og Konstantin 7. sin søyle som vart reist i 940 e. Kr.

Dag 9 – 9. oktober (frukost - middag)

Fridag der du sjøl kan planlegge aktivitetane dine i byen. Vi tilrettelegg for ein felles tur til den store basaren, for dei som ønskjer dette. Den store basaren er truleg den største basaren i verda. Her finn du eit storslått utval av varer, der handknytte og vevde tepper er rikt representert. Turen i basaren er vel verdt, ikkje berre grunna handling, men også vakker arkitektur og intim atmosfære gjer den verdt eit besøk.

Etter eit langt eller kort besøk, kan du rusle gatelangs eller nytte dagen til å plukke mellom det store utvalet av historiske og kulturelle tilbod du finn i gå-avstand frå hotellet vårt. Om kvelden møtes vi til avslutningsmiddag.

Dag 10 – 10. oktober (frukost – mat på flyet)

Etter frukost og utsjekk frå hotellet reiser vi til flyplassen for retur til Norge kl. 12.00 med Turkish airlines (TK 1753) Vi landar på Gardermoen kl. 14.55 fylt opp med undring og gode

minner.

Pris på turen er NOK 12.900,- som inkluderer:

Fly Oslo – Istanbul t/r med Turkish Airliens i økonomiklasse
Fly Istanbul – Kayseri t/r med Turkish Airlines
Gode 3 - 4* hotell i Kappadokia og Istanbul
All transport og alle inngangsbilletter i følge programmet
Alle måltid tatt med i programmet
Turistvisum til Tyrkia (for norske statsborgarar)
Engelsktalande guide
Reiseleiar frå Møre Folkehøgskule
Tips til guide og sjåfør

Tillegg:

Enkeltrom NOK 1.500,-

Drikke til maten

Flyskatt og avgifter pr i dag NOK 1.400,- (kan endrast fram til avreise)

Vi tek atterhald om program- og evt prisendringar som følgje av valutaendringa

Vi ønskjer velkommen til ugløymelege opplevingar i Tyrkia!